

**Kvartalsrapport**  
**pr. 30.09.2015**

## KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2015

### **Resultat**

Banken har pr. tredje kvartal 2015 oppnådd ein rentenetto på 41,9 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,88 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 41,8 mill. kr og i prosent av gfk 1,98 %. Årsak til nedgang i rentenetto er fallande rentenivå og den sterke konkuransen om kundane. Utviklinga i banken sin rentenetto er i samsvar med utviklinga andre bankar rapporterer.

Netto andre driftsinntekter er lågare enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka er redusert utbytte. I fjor mottok Luster Sparebank ekstraordinært utbytte i samband med avvikling av eit selskap der banken var aksjonær. I tillegg har verdien på nokre av rentefonda gått ned som følgje av renteoppgangen i pengemarknaden i 3. kvartal. Denne verdiendringa er blitt bokført som reduksjon i utbytte. Provisjons- og gebyrinntekter har auka samanlikna med fjoråret pga. justeringar i gebyrsatsar gjennomført i fjor vår. Sum driftskostnader har auka med 2,1 mill. kr i forhold til fjoråret. Kr 0,5 mill. skuldast eingongskostnader i samband med eit gjennomført strategiprojekt. Nedskrivning på grupper har auka. Individuelle nedskrivningar har gått ned. Dette gjer at estimert tapskostnad er ca. 700.000 kr lågare enn på same tidspunkt i fjor. Banken har realisert nokre verdipapir i første kvartal 2015. Dette gjer at banken kan inntektsføre ein gevinst på 6,6 millionar kr.

Resultat etter berekna skatt er på 21,2 mill. kr. Dette er ca. 2,4 mill. kr lågare enn for same periode i fjor. Forklaring på resultatnedgangen er lågare utbytte og lågare vinst ved realisasjon av verdipapir.

### **Balansen**

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2015 var på 3.064,0 mill. kr. Veksten siste året er på 196,7 millionar kr eller 6,7 %. Forretningskapital som også inkluderer lån overført til bustadkredittselskap er pr.

30.09.2015 på 3.442,5 mill. kr. Veksten i forretningskapital siste året er på 280,4 mill. kr eller 8,9 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med 2.481,7 mill. kr. Veksten siste året er på 113,5 mill. kr eller 4,8 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2015 overført kr 378,5 mill. kr. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført 294,8 mill. kr. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med 197,2 mill. kr eller 7,4%. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.15 var fordelt med 25,9 % på næring og 74,1 % på personmarknad og offentlig sektor.

Innskott frå kundar er bokført med 2.279,1 mill. kr. Veksten siste året er på 176,3 mill. kr eller 8,4 %.

Banken har langsiktig lånt inn 180 mill. kr frå andre finansinstitusjonar. Banken har uteståande obligasjonar for 184,3 mill. kr. Låneavtalane har restløpetid på mellom 5 månader og 4 år. Bankens innskotsdekning er 91,8 %. I dette nøkkeltallet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

### **Misleghald, tapsnedskrivningar og tap**

Misleghaldne og tapsutsette lån utgjer 26,6 mill. kr. pr. 30.09.2015 som er ein nedgang på 4,2 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 1,8 mill. kr siste år. Det er nedskrivning på grupper som har auka medan nedskrivningar på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.

### **Kapitaldekning**


Ved utgangen av tredje kvartal 2015 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 19,53 % mot 20,64 % på same tidspunkt i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr 30.09.2015 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,77 %

**Utsiktene for resten av året**

Styret er fornøgd med resultatet så langt i år. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 9 månadane av 2015 på 4,9 % og styret forventar at ein klarar å nå målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret er fornøgd med den økonomiske utviklinga så langt i 2015 og har ikkje kjennskap til forhold som tilseier vesentlege endringar i årets 3 siste månadar.

Gaupne, 16.10.2015

Styret for Luster Sparebank

  
Bjarne Venjunn  
styreleiar

  
Ove Nyland

  
Randi Kristin Bugge

  
Tanja Fiskaa Haugen

  
Inge Teigen

  
Oddstein Haugen  
banksjef

## LUSTER SPAREBANK

RESULTATREKNESKAP (1.000 KR)	30.09.15	% av GFK	30.09.14	% av GFK	31.12.14	% av GFK
Rente og kred.prov. utlån	72.140	3,24	77.726	3,68	104.220	3,67
Renteinntekter verdipapir og andre	4.321	0,19	6.176	0,29	7.590	0,27
<b>Sum rente og kred./prov. inntekter</b>	<b>76.461</b>	<b>3,44</b>	<b>83.902</b>	<b>3,97</b>	<b>111.810</b>	<b>3,94</b>
Rentekostnader kundar	26.393	1,19	32.593	1,54	43.302	1,53
Rentekostnader likviditet	8.204	0,37	9.541	0,45	12.547	0,44
<b>Sum rentekostnader</b>	<b>34.597</b>	<b>1,55</b>	<b>42.134</b>	<b>1,99</b>	<b>55.849</b>	<b>1,97</b>
<b>Netto rente- og kredittprov.</b>	<b>41.864</b>	<b>1,88</b>	<b>41.768</b>	<b>1,98</b>	<b>55.961</b>	<b>1,97</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.953	0,09	3.317	0,16	4.428	0,16
Provisjons- og gebyrinntekter	7.888	0,35	7.263	0,34	10.536	0,37
Provisjons- og gebyrkostnader	-1.190	-0,05	-1.473	-0,07	-1.803	-0,06
Netto vinst/tap verdipapir	-186	-0,01	4	0,00	-84	0,00
Netto vinst/tap valuta	209	0,01	94	0,00	204	0,01
Andre driftsinntekter	916	0,04	924	0,04	1.227	0,04
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>9.590</b>	<b>0,43</b>	<b>10.129</b>	<b>0,48</b>	<b>14.508</b>	<b>0,51</b>
Personalkostnader	11.855	0,53	11.035	0,52	15.812	0,56
EDB kostnader	7.160	0,32	6.750	0,32	8.545	0,30
Andre administrasjonskostnader	3.367	0,15	3.517	0,17	4.311	0,15
Ordinære avskrivningar	1.950	0,09	1.500	0,07	2.588	0,09
Andre driftskostnader	3.002	0,13	2.399	0,11	3.477	0,12
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>27.334</b>	<b>1,23</b>	<b>25.201</b>	<b>1,19</b>	<b>34.733</b>	<b>1,22</b>
<b>Driftsresultat før tap</b>	<b>24.120</b>	<b>1,08</b>	<b>26.696</b>	<b>1,26</b>	<b>35.736</b>	<b>1,26</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.697	0,08	2.398	0,11	3.307	0,12
Netto tap/vinst anleggsaksjar	-6.585	-0,30	-8.000	-0,38	-6.535	-0,23
Skatt ordinær drift	7.832	0,35	8.720	0,41	9.302	0,33
<b>Resultat for perioden</b>	<b>21.176</b>	<b>0,95</b>	<b>23.578</b>	<b>1,12</b>	<b>29.662</b>	<b>1,05</b>

**BALANSE****(1.000 KR)**

<b>EIGENDELAR</b>	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.14</b>	<b>31.12.14</b>
Kontantar, innskot i bankar	169.682	94.206	114.645
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	43.848	130.291	54.034
Utlån til kundar	2.481.657	2.368.156	2.453.101
Tapsavsetjingar	-22.308	-20.485	-20.762
Sertifikater, obligasj. o. a. rentebærende verdipapir	223.365	207.600	163.423
Aksjar o.a. verdipapir med variabel avkastning	126.758	59.303	99.712
Utsett skattefordel	4.751	3.276	4.751
Driftsmidlar	9.134	11.174	10.885
Andre fordringar	20.789	13.810	69
Forskotsbet. og opptente inntekter	6.350	0	7.764
<b>SUM EIGENDELAR</b>	<b>3.064.026</b>	<b>2.867.331</b>	<b>2.887.622</b>

**GJELD OG EIGENKAPITAL**

Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	185.000	185.000
Innskot frå kundar	2.279.125	2.102.787	2.141.978
Obligasjonslån	184.303	179.978	180.000
Anna gjeld	43.816	42.021	12.745
Skatt	7.931	5.600	9.763
Pensjonsforpliktingar	0	5.673	10.461
Sparebankens fond og gåvefond	347.675	322.694	347.675
Resultat for perioden	21.176	23.578	
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>3.064.026</b>	<b>2.867.331</b>	<b>2.887.622</b>

<b>Garantiansvar</b>	<b>28.843</b>	<b>25.554</b>	<b>24.472</b>
<b>Pantsetjingar</b>	<b>15.000</b>	<b>31.000</b>	<b>15.000</b>
<b>Lån overført til Verd Boligkreditt AS</b>	<b>378.466</b>	<b>294.792</b>	<b>274.283</b>

<b>Note 1</b> (tal i heile 1.000)	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.14</b>	<b>31.12.14</b>
Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering	-600	341	-184
Endring i nedskrivning på grupper av lån	1.800	1.900	2.952
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	643	264	665
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	10	54	54
Inngang på tidligare konstaterte tap	-156	-161	-180
<b>Netto tap på utlån og garantiar i perioden</b>	<b>1.697</b>	<b>2.398</b>	<b>3.307</b>

<b>Note 2</b> (tal i heile 1.000)	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.14</b>	<b>31.12.14</b>
<b>Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa</b>	<b>24.321</b>	<b>26.614</b>	<b>25.829</b>
Misleghaldne engasjement > 90 dager	26.587	30.823	29.148
- individuelle tapsnedskrivningar på desse	-7.854	-8.868	-8.341
- avsetnad amortisering på desse	-554	-569	-321
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-2.605	-2.430	-2.560
<b>Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering</b>	<b>15.574</b>	<b>18.956</b>	<b>17.926</b>
Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivningar	0	0	0
- spesifiserte tapsavsetjingar på desse	0	0	0
- amortisering av tapsmerka	0	0	0
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	0	0	0
<b>Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Note 3</b> (tal i heile 1.000)	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.14</b>	<b>31.12.14</b>
Nedskrivning på grupper	13.900	11.050	12.100

<b>Note 4</b> <b>Kapitaldekning</b> (tal i heile 1.000)	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.14</b>	<b>31.12.14</b>
Sparebankenes fond	334.375	311.194	334.375
Gåvefond	13.300	11.500	13.300
-Fradrag	-16.077	-3.404	-6.851
<b>Sum ansvarleg kapital (ren kjernekapital)</b>	<b>331.598</b>	<b>319.290</b>	<b>340.824</b>

**Engasjementskategorier (vekta beløp)**

Stater og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	6.116	6.679	6.377
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjoner	78.457	76.819	68.522
Foretak	403.891	339.660	354.984
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	824.512	779.517	775.335
Forfalte engasjementer	19.606	30.383	36.833
Obligasjoner med fortrinnsrett	21.352	14.743	13.297
Andeler i verdipapirfond	57.594	48.322	48.322
Øvrige engasjementer	162.754	132.458	194.516
<b>Berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>1.574.282</b>	<b>1.428.581</b>	<b>1.498.186</b>

**Berekningsgrunnlag operasjonell risiko**

Fradrag i kapitalkravet			0
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>1.698.125</b>	<b>1.546.690</b>	<b>1.616.295</b>
Overskot av ansvarleg kapital i forhold til lovkrav på 8 %	195.748	195.555	211.520
<b>Kapitaldekningsprosent</b>	<b>19,53 %</b>	<b>20,64 %</b>	<b>21,09 %</b>